



DOVRE KOMMUNE

STØTTE TIL ARRANGEMENT. RETNINGSLINER.

For 2025 er det sett av 150.000 kr til arrangementsstøtte i Dovre. Retningsliner og tildelingskriterium vart vedteke av Oppvekst-, kultur- og omsorgsutvalet (OKO) 3. februar 2025. Ordninga skal evaluerast på fyrste OKO-møte i 2026.

Midlane lysast ut to gongar per år – i februar og august. I vårhalvåret har arrangementsstøtta søknadsfrist i løpet av fyrste halvdel av mars. I hausthalvåret i løpet av fyrste halvdel av august. Søknaden sendast til postmottak@dovre.kommune.no.

Alle som søker om kommunal støtte til arrangement, skal som hovudregel ha søkt den regionale ordninga hjå [Interkommunalt politisk råd](#) med støtte til kultur- og naturbaserte arrangement (søknadsfrist 1. februar). Søkjrarar som ikkje får støtte regionalt, blir oppfordra til å söke den kommunale utlysinga. Søkjrarar som får støtte frå den regionale utlysinga, blir ikkje prioriterte i den kommunale utlysinga. Unntak er arrangement som blir vurdert å ha spesielt positive ringverknader for lokalsamfunnet.

Alle søknadar blir vurdert i ein, felles saksbehandlingsrunde på våren og ein runde på hausten. Administrasjonen legg fram innstilling til behandling i Oppvekst-, kultur- og omsorgsutvalet (OKO).

Utbetaling skjer når aktiviteten er gjennomført og administrasjonen har motteke rapport.

Tildelingskriterium

1. Aktiviteten skal ha privat eller frivillig eigarskap.
2. Aktiviteten skal som hovudregel skje i søknadsåret.
3. Aktiviteten må skje i Dovre.
4. Aktiviteten skal gje positive økonomiske ringverknader for næringslivet og/eller frivillig sektor i Dovre.
5. Årvisse aktivitetar med underskot over fleire år må syne til nødvendig omstilling/utvikling for å bli prioritert.
6. Arrangøren skal legge fram eit budsjett med minimum 50 % eigeninnsats i form av billettinntekter, salsinntekter, eigenkapital og/eller arbeidsinnsats.
7. Aktiviteten skal vera eigd av ein registrert organisasjon (registrert i foretaksregister eller frivilligheitsregister). Som hovudregel skal forretningsadresse vera i Dovre.
8. Kostnader til fysiske investeringar kan ikkje vera ein del av søknadsgrunnlaget.
9. Aktiviteten bør ha eit langsiktig perspektiv med utviklingspotensial.
10. Aktivitetar som fremmer samarbeid mellom fleire bedrifter/lag/foreiningar blir prioritert.
11. Arrangøren skal annonsera aktiviteten i Dovre kommune sin aktivitetskalender, Friskus (dovre.friskus.com).
12. Støtta blir utbetalt etter at aktiviteten er gjennomført og administrasjonen har motteke rapport.